

## Tor Hegle

---

**Fra:** Tor Hegle  
**Sendt:** 4. juni 2013 17:06  
**Til:** 'oddbjørn angelskår'  
**Kopi:** kst@thommessen.no; egr@thommessen.no; Ordfører Lindås; Arne Eikefet  
**Emne:** SV: Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Hei.

Eg takkar for førespurnaden din.

Sidan førespurnaden din er sendt til fleire adressatar samtidig, er eg usikker på kven av oss du vil skal svare deg.

Førespurnaden trekk fram eit breitt sakskompleks, og det kan vere vanskeleg å ta opp igjen alle detaljar no i ettertid. Eg har fått meldingar frå den entreprenøren som har overtatt å ferdigstille dei ulike arbeida på staden, om at ein no etter kvart har fått retta opp dei fleste manglane.

Vidare har eg fått tilbakemelding om at advokatane har bidratt til å finne gode løysingar.

På bakgrunn av alle tilbakemeldingane, vart eg litt usikker på korleis eg skulle svare på denne førespurnaden.

Førespurnaden målberer ulike sider som ikkje er presisert i førespurnaden.

Eg prøve her å svare på noko.

Kopi av denne eposten vert derfor sendt dei andre til orientering.

### Om pkt.1. Etablering av avløpstrasse.

Avløpstrassen er vist i reguleringsplankartet som godkjent av kommunestyret.

Utbygginga av avløpsleidningen har følgt den godkjente reguleringsplanen.

### Om pkt.2. Tilsynsrapporten.

Vi har fått melding om at det aktuelle føretaket er konkurs, og har soleis ikkje ført tilsynet vidare i saka.

Vi har vidare fått melding om at nokre av dei feil- og manglar som vart forårsaka av graveentreprenøren, er retta opp av tiltakshavar - dels gjennom private avtalar som advokatane har hjelpt til med.

### Om pkt.3. Advokat frå same advokatkontor.

På oppmoding frå oppsittarane inviterte ordføreren til eit orienteringsmøte, der mellom anna kommunen sin advokat møtte.

I møtet vart oppsittarane informert om tilhøva. På grunn av ulike private interesser, valde oppsittarane sjølv å bruke advokat.

Kommunen sin administrasjon kan ikkje gå inn i privatrettslege spørsmål. Dette vart også opplyst på møtet.

Mvh

Tor Hegle

---

**Fra:** oddbjørn angelskår [mailto:oddbjorna@yahoo.no]

**Sendt:** 31. mai 2013 05:36

**Til:** Ordfører Lindås; sveinung.toft@lindas.kommune.no; Arne Eikefet; Tor Hegle

**Kopi:** kst@thommessen.no; egr@thommessen.no

**Emne:** Den forsvunne Kerrevegen på Midtgård-Leknes

Til Lindås kommune

## Historien om den forsvunne kjerrevegen

Den 01.10.04 sendte me inn kommentarar til reguleringsplan Midtgård/Leknes for å gjera kjent div. rettigheter i området som var ønska regulert, blant anna ein kjerreveg me har vegrett på.(vedlegg 1.)  
Etter mykje om og men, og innspel/krav frå plan og miljøutvaet og fylkesmannen (vedlegg 2.), vart området der kjerrevegen går, tatt ut av reguleringsplanen og reguleringsplanen vart godkjent 14.06.2007

11.12.2009 fekk utbyggjar godkjent ein vann og avløpstrase som følgjer planlagt framtidig adkomstveg gjennom området som var tatt ut av reguleringsplanen (utan at me vart nabovarsla denne gongen).  
Denne framtidige vegtraseen kryssa kjerrevegen.(vedlegg 3 og 4.)

Når me såg at arbeidet med VA vegen byrja, store delar av kjerrevegen vart fjerna og det vart byrja på ein ny veg ned mot vårt hus, tok me kontakt med Kommunen pr. telefon og E-post. 28.10.2010. I svaret frå Knut Bjørnevoll står det:” *Den påbegynte stikkvegen ned mot eigedommen skal fjernast, forhåpentligvis i dag*”. Denne vegen har aldri vorte fjerna, berre dekkta til med jord.

Etter dette har det vore mange møter, telefonar og e-postar. Det er og mange andre i området som vart berørt pga. skader som oppsto i samband med annleggsarbeidet i området. Dette førte til at Ordføraren inviterte til eit møte på kommunen 05.10.2011, der Kommunen hadde invitert Advokat Grande frå advokatfirmaet Thommesen til å orientere om saka. Kommunen orienterte og om at dei hadde hatt tilsyn med ansvarleg utførande for annleggsarbeidet, og delte ut kopi av tilsynsrapporten. (vedlegg 5.)

På møtet var også advokat Kennet Steffensen, som arbeider i same advokatforma som advokat Grande. Etter dette møtet er det advokat Seffensen som har representert 10 oppsitjarar i saka(saka er enno ikkje avslutta).

Eg har ved fleire høve spurt begge advokatane(Grande og Steffensen) om dei kan ta opp spørsmål angående Lindås kommune sitt ansvar i saka. Først fekk eg nokre utydelige svar. Seinare sa dei at at dei ikkje kan ta opp spørsmål som gjeld kommunen sidan begge partar er representert av same advokatkontor(Thommesen).

Som erstatning for den forsvunne kjerrevegen har det blitt grusa ein gangsti oppå den jordtildekte, påbegynte stikkvegen som kommunen har bedt utbyggjar å fjerne.  
Er dette ein løsing kommunen har godkjent?

Med bakgrunn i denne historien har me nokre spørsmål som eg ynskjer svar på.

1. Korleis kunne utbyggjar få godkjent ein vann og avløpstrase / framtidig adkomstveg i eit område avsett til bustadforemål utan at det førelåg ein godkjend reguleringsplan?

*( "Av føresegnene til arealdelen går det i punkt 1.1 fram at det er krav om reguleringsplan i byggjeområda før bygging og deling kan gjennomførast". Dette er svaret me har fått på ein søknad i same området.)*

2. Kvifor er det ikkje ordna opp i mange av punkta i tilsynsrapporten?

3. Korleis kunne det skje at Lindås kommune tilbyr oppsitjarane ein advokat frå same advokatkontor som Lindås kommune sjølv nyttar?

Dette gjev ikkje oppsitjarane høve til å ta opp saker som gjeld Lindås kommune si rolle i denne saka.

Spørsmålet er ikkje meint som ein kritikk til arbeidet Kennet Steffensen har gjort for oppsitjarane i forhold til Ivar Opsal-Svein Arvid Andersen.

Me veit ikkje kven i Lindås kommune som kan svare oss på dette brevet. Men håpar at de som mottek dette brevet kan sørge for at rette vedkomande får brevet slik at vi kan få eit svar. Vi ser fram til å høyre frå dykk.

MVH

Oddbjørn og Karianne Angelskår